



HJELMELAND KOMMUNE

Klima- og Miljødepartementet
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Att: Marita Torvik

Dykkar ref..
12/3974

Vår ref.
17/1856-4/18/115

Arkivkode:
K2 - K20

Dato:
03.01.2018

FORSLAG TIL ENDRINGAR I VANNFORSKRIFTA OG NATURMANGFOLDLOVEN - HØYRINGSUTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Vedlagt er uttale frå Hjelmeland kommune til forslag til endringar i vannforskrifta og naturmangfaldslova. Høyringsuttalen blei vedteken av kommunestyre i sak 085/17.

Med helsing
Plan og forvaltning

Torborg Kleppa
rådgjevar jordbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:

Høyring om forslag til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldslova
Rogfk - fylkesutvalet sak 0217-17 Vedtak



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Velde-Johannessen, Leif	K2 - K20	17/1856

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
085/17	Kommunestyret	PS	14.12.2017

Høring om forslag til endringer i vassforskrifta og naturmangfaldslova

Vedlegg:

Høring av forslag til endring i vannforskriften og naturmangfoldloven(1)

Høringsnotat(1)

Rogfk - fylkesutvalet sak 0217-17 Framlegg

Rogfk - fylkesutvalet sak 0217-17 Vedtak

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune slutter seg til Rogaland fylkeskommune si uttale til dei føreslått endringane i vassforskrifta og naturmangfaldslova.

Hjelmeland, den 08.12.2017

Wictor Juul
Rådmann

Kommunestyret - 085/17

KST - behandling:

Behandling:

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

KST - vedtak:

Hjelmeland kommune slutter seg til Rogaland fylkeskommune si uttale til dei føreslått endringane i vassforskrifta og naturmangfaldslova.



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Saksopplysninger:

Samandrag

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring forslag om endringar i vassforskrifta og naturmangfaldslova. Rådmannen føreslår at Hjelmeland kommune sluttar seg til Rogaland Fylkeskommune si uttale til høyringa.

Fakta

Dei føreslåtte endringane i vassforskrifta og naturmangfaldslova inneber i grove trekk:

- At vassforvaltningsplanane ikkje lenger skal vedtakast som regionale planar etter plan- og bygningslova.
- At utvalgte fylkesmenn får ansvaret for å koordinera det førebunde regionale arbeidet, medan Miljødirektoratet i samråd med øvrige berørte direktorater utarbeider og sørger for høyring av oppdaterte vassforvaltningsplanar, og oversender si tilråding til Klima- og miljødirektoratet.
- At naturmangfaldslova erstatter plan- og bygningslova som ei av dei tre heimelslovane for vassforskrifta.
- At fylkesmannen kan avgjerda om det er hensiktsmessig å dela inn vassregionen i vassområder, og kan sjølv avgjera korleis samarbeidet skal vera organisert på lokalt nivå, til dømes om det er behov for eit vassregionutval.
- Enkelte justeringar for å bringa vassforskrifta meir i samsvar med vassdirektivet.

Det er føreslått at endringane trer i kraft frå 1.7.2018. Høyringsfristen er 15.1.2018.

Fylkesutvalet i Rogaland Fylkeskommune har gitt slik uttale til høyringa:

Fylkesutvalet sak 0217/17:

1. *Rogaland Fylkeskommune mener at:*
 - a. *regional plan etter plan- og bygningsloven er det beste verktøyet for å fremme sektorovergripende helhetlig vannforvaltning og nå målene om godt vannmiljø.*
 - b. *dagens organisering av vannforvaltningen bør videreføres for å sikre en «bunnopp»- forvaltning med politisk forankring, effektiv rullering, samordning av sektorinteressene, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltakelse fra alle parter.*
 - c. *vannområdenes betydning bør styrkes i vannforskriften. For å sikre lokal*



**HJELMELAND
KOMMUNE**

forankring og kommunalt engasjement i det videre arbeidet, må staten gå inn med økt og forutsigbar finansiering av vannområdenes drift.

- d. *det er svært uheldig at det foreslås endringer i vannforskriften som fjerner oppgaver fra fylkeskommunen på et tidspunkt der det statlige ekspertutvalget sine anbefalinger til oppgavefordeling for Regionreformen, er under utarbeidelse. Departementet forskutterer dermed oppgavefordeling før politisk behandling av de nye oppgavene til regionene.*
2. *Rogaland fylkeskommune støtter ikke de foreslåtte endringene i vannforskriften som gjelder organisering, ansvarsfordeling og regional forankring gjennom plan- og bygningsloven.*
3. *Dersom vannforskriften likevel endres som foreslått, bør den inneholde en overgangsbestemmelse som blant annet klargjør hvilken juridisk virkning de vedtatte vannforvaltningsplanene vil ha ved ikrafttredelsesdato.*

For meir informasjon om endringane visast til vedlagt høyringsbrev frå Klima- og miljødepartementet, samt saksframlegg til fylkesutvalet sak 0217/17.

Lovar, føresegner, rundskriv

Lov 19.6.2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldsloven).

Forskrift 15.12.2006 nr. 1446 om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta).

Økonomiske konsekvensar

For kommunen ingen kjende.

Vurdering og konklusjon

Rådmannen meiner dei føreslåtte endringane vil føra til ei dårlegare ordning enn dagens. Slik vassforvaltninga er organisert no sikrar det politisk forankring, aktiv deltaking frå berørte partar og lokalsamfunnet. Det vert difor innstilt på at kommunen støttar Rogaland fylkeskommune si høyringsuttale.